



Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201102091-8/313/ENDKOR

Dykkar ref.:
200601881- /CGR

Bergen, 29. mars 2011

Høyringsbrev - Forslag til særskilte tiltak for akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden

Vi viser til Dykkar brev av 16.02.2011, forslag til særskilte tiltak for akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden. Saka vart handsama av Fylkesutvalet i Hordaland 24.03.2011. I Fylkesutvalet vart det gjort følgjande vedtak:

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at det vert fastsett særskilde krav til akvakulturverksemd i Hardangerfjorden som eitt av fleire tiltak for å redusere presset på dei ville lakse- og sjøaurestammene. Oppretting av eige biomassetak i området er naudsynt sidan produksjonen i dag kan auke innanfor dei lovlege rammene.
2. Konsekvensane for bedriftene, lokalsamfunna og verdiskapinga i Hordaland ved ein reduksjon av biomasse er ikkje godt nok utdjupa i forslaget til forskrift. Fylkeskommunen tilrår at oppdrettarane vert inviterte til drøfting om ei fordeling av biomasse, og at konsekvensane vert analyserte i ei konsekvensvurdering før forskrifta vert iverksett. I denne utgreiinga bør ein vurdere konsekvensane på selskapsnivå og syte for at ingen verksemd kjem særskild urimeleg ut.
3. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at Langenuen til Selbjørnsfjorden vert omfatta av forskrifta med bakgrunn i dei faglege råda, men ber samstundes om at ein vurderer å justere opp det samla biomassetaket.
4. Hordaland fylkeskommune som forvaltar av tildelingsforskriftene vil vere delaktig i gjennomføringa av denne forskrifta, og burde ha fått høve til å gje innspel i før høyringa. Tildeling av vedtakskompetansen i forskrifta må ikkje vere i strid med intensjonane bak forvaltningsreforma.
5. Forskrifta må innehalde kriterium for evaluering slik at effektane av tiltaka kan målast.

Jomar Ragnhildsdottir
for Gudrun Mathisen

Endre Korsøen
Endre Korsøen

Kopi av saksframstillinga og utskrift av den politiske handsaminga ligg ved.



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201102091
Arkivnr. 313
Sakshandsamar Korsøen, Endre

Medlegg	1	av	1
Føle			

Saksgang
Fylkesutvalet

Møtedato
24.03.11

Saknr.
55/11

**FORSLAG TIL SÆRSKILTE TILTAK FOR AKVAKULTURRELATERT
VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN - FRÅSEGN**

Fylkesutvalet 24.03.11

Tom-Charster Nilsen sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

”Alternativt forslag:

1. Hordaland fylkeskommune vil rå frå innføring av regjeringa sitt forslag til forskrift for akvakulturverksemd i Hardangerfjorden.
2. Hordaland fylkeskommune meiner dei ville lakse- og sjøaurestammene må sikrast gode vekst- og levevilkår, og at forskrifter som PD-forskrifta, soneforskrifta og lakseforskrifta vil medverke til dette.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at eventuelle ytterlegare særforrifter for området må kome etter evaluering av verknader av allereie iverksette forskrifter.
4. Hordaland fylkeskommune meiner at det må gjerast greie for kva konsekvensar forskrifter som dette vil ha for næring, sysselsetjing og verdiskaping. Dette er særleg aktuelt i saker der næringa melder om potensielt svært alvorlege konsekvensar.”

Mette Holmefjord Olsen sette fram slikt forslag:

”Alternativt forslag:

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at det vert fastsett særskilde krav til akvakulturverksemd i Hardangerfjorden som eit av fleire tiltak for å redusere presset på dei ville lakse- og sjøaurestammene. Oppretting av eige biomassetak i området er naudsynt sidan produksjonen i dag kan auke innanfor dei lovlege rammene.
2. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at Langenuen til Selbjørnsfjorden vert omfatta av forskrifta med bakgrunn i dei faglege råda.

3. Forskrifta må også etablera grenser for innslag av rømd oppdrettslaks, jf. tilrådingar frå Vitskapleg råd for lakseforvaltning.
4. Konsekvensane for bedriftene, lokalsamfunna og verdiskapinga i Hordaland ved ein reduksjon av biomasse er ikkje godt nok belyst i forslag til forskrift. Fylkeskommunen tilrår at oppdrettarane vert invitert til drøfting om ei fordeling av biomasse, og at konsekvensane vert analysert i ein konsekvensvurdering før forskrifta vert iverksett.
5. Det må stimulerast til bruk av meir innovative, miljøretta løysingar for produksjon av oppdrettsfisk.
6. Hordaland fylkeskommune som forvaltar av tildelingsforskriftene vil vere delaktig i gjennomføringa av denne forskrifta, og burde ha fått høve til å gje innspel i forkant av høyringa. Tildeling av vedtakskompetansen i forskrifta må ikkje vera i strid med intensjonane bak forvaltningsreforma.”

Magnar Lussand sette fram slikt forslag:

”Tillegg til innstillinga:

5. Forskrifta må innehalde kriterium for evaluering slik at effektane av tiltaka kan målast.”

Røysting

Holmefjord Olsen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Nilsen sitt forslag fekk 6 røyster (H, Frp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (H, Frp, SV).

Lussand sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (H, Frp, SV).

VEDTAK

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at det vert fastsett særskilde krav til akvakulturverksemd i Hardangerfjorden som eitt av fleire tiltak for å redusere presset på dei ville lakse- og sjøaurestammene. Oppretting av eige biomassetak i området er naudsynt sidan produksjonen i dag kan auke innanfor dei lovlege rammene.
2. Konsekvensane for bedriftene, lokalsamfunna og verdiskapinga i Hordaland ved ein reduksjon av biomasse er ikkje godt nok utdjupa i forslaget til forskrift. Fylkeskommunen tilrår at oppdrettarane vert inviterte til drøfting om ei fordeling av biomasse, og at konsekvensane vert analyserte i ei konsekvensvurdering før forskrifta vert iverksett. I denne utgreiinga bør ein vurdere konsekvensane på selskapsnivå og syte for at ingen verksemder kjem særskild urimeleg ut.
3. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at Langenuen til Selbjørnsfjorden vert omfatta av forskrifta med bakgrunn i dei faglege råda, men ber samstundes om at ein vurderer å justere opp det samla biomassetaket.
4. Hordaland fylkeskommune som forvaltar av tildelingsforskriftene vil vere delaktig i gjennomføringa av denne forskrifta, og burde ha fått høve til å gje innspel i før høyringa. Tildeling av vedtakskompetansen i forskrifta må ikkje vere i strid med intensjonane bak forvaltningsreforma.
5. Forskrifta må innehalde kriterium for evaluering slik at effektane av tiltaka kan målast.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 25. mars 2011

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Mildrid Bertelsen



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Regionalavdelinga

Klima- og naturressursseksjonen

Arkivsak 201102091-3
Arkivnr. 313
Saksh. Korsøen, Endre

Saksgang

Fylkesutvalet

Møtedato

24.03.2011

FORSLAG TIL SÆRSKILTE TILTAK FOR AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN - FRÅSEGN


SAMANDRAG


Fiskeri- og kystdepartementet vil fastsetje særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden. Hausten 2009 hadde departementet på høyring framlegg til ny forskrift om Hardangerfjorden. Departementet meiner situasjonen i Hardangerfjorden krev særlege forvaltningsmessige grep. Fjorden har mange oppdrettslokalitetar i bruk og stor biomasse av oppdrettsfisk. Samtidig er Hardangerfjorden ein viktig fjord for vill laksefisk. Den 16.02.2011 sende departementet på høyring eit revidert utkast til forskrift. Denne omhandlar endra geografiske verkeområdet og endra metode for reduksjon av biomasse. Summen av biomasse i løyve som er gjeve i Hardangerfjorden skal ikkje overstige 50 000 tonn MTB. Dersom summen av biomasse er høgare vil reduksjon av tillaten biomasse skje etter følgjande prinsipp: Kvar verksemd får skjerma tre løyve, som kan utnyttast 100 %. Løyve utover dette kan utnyttast 25 %. Det vert gjort framlegg om å innlemma Langenuen i verkeområdet.

Høyringsfristen er sett til 31. mars 2011.

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1 Hordaland fylkeskommune er positiv til at det vert fastsett særskilde krav til akvakulturverksemd i Hardangerfjorden som eit av fleire tiltak for å redusere presset på dei ville lakse- og sjøaurestammene. Oppretting av eige biomasse tak i området er naudsynt sidan produksjonen i dag kan auke innanfor dei lovlege rammene.
- 2 Konsekvensane for bedriftene, lokalsamfunna og verdiskapinga i Hordaland ved ein reduksjon av biomasse er ikkje godt nok belyst i forslag til forskrift. Fylkeskommunen tilrår at oppdrettarane vert invitert til drøfting om ei fordeling av biomasse, og at konsekvensane vert analysert i ein konsekvensvurdering før forskrifta vert iverksett. I denne utgreiinga bør ein vurdere konsekvensane på selskapsnivå og sørgje for at ikkje nokon verksemd kjem særskild urimeleg ut.
- 3 Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at Langenuen til Selbjørnsfjorden vert omfatta av forskrifta med bakgrunn i dei faglege råda, men ber samstundes om at ein vurderer å justere opp det samla biomasse taket.
- 4 Hordaland fylkeskommune som forvaltar av tildelingsforskriftene vil vere delaktig i gjennomføringa av denne forskrifta, og burde ha fått høve til å gje innspel i forkant av høyringa. Tildeling av vedtakskompetansen i forskrifta må ikkje vera i strid med intensjonane bak forvaltningsreforma.


Paul M. Nilsen


Jan Per Styve

Vedlegg:

- Høyringsbrev - forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden

1. Bakgrunn

Det berande omsynet bak forslaget er eit ønskje om å redusere presset på dei ville laksebestandane og sjøaure, m.a. for å unngå tap av biologisk mangfald. Forskrifta vil saman med anna regelverk knytt til kontroll og nedkjemping av lakselus og førebygging av rømming bidra til å sikre ei berekraftig utvikling av oppdrettsnæringa. Ei generell omtale av forholda i Hardangerfjorden og det opphavlege forslaget er gitt i høyringsbrevet 18. august 2009. Det kom inn 53 uttalar til høyringa. Fylkesutvalet gav følgjande fråsegn til høyringa på møte 18.11.2009 (sak 281/09):

1. Hordaland fylkeskommune meiner bærekraft er ein premis for havbruksnæringa og stør tiltak som er effektive bidrag til ei stabil og langsiktig næringsutvikling i Hardangerfjorden.
2. Hordaland fylkeskommune meiner tiltaka i forskrifta må evaluerast og følgjast opp med forskning for å fastslå at tiltaka gjev forventade positiv miljøeffekt. Ordninga bør uansett opphøre innan 01.01.2015 om ikkje ei fagleg evaluering er gjennomført, eller at ei slik evaluering tilrår ytterlegare lenging av tiltaket.
3. Hordaland fylkeskommune ynskjer at staten går inn for avbøtande tiltak og bidreg med verkemiddel for oppdrettarane som vert ramma av forskrifta. Tiltaka bør drøftast med næringa. Døme kan være prioritering av råka verksemdar i saker om tildeling av løyve og lokalitetar utanfor forskriftsområdet, økonomisk kompensasjon, fleksibilitet for flytting over regiongrensar med meir.
4. Hordaland fylkeskommune ynskjer å vere delaktig i gjennomføringa av forskrifta. Det gjeld generelt i saker som omhandlar akvakulturforvaltning og spesielt i saker som omhandlar Hardangerregionen.
5. Hordaland fylkeskommune ynskjer meir føreseielege nasjonale rammeføresetnader for næringa slik at endringar av denne art kan varslast i samband med konsesjonstildeling.
6. Konsekvensane av forskrifta om redusert maksimalt tillaten biomasse (MTB), kan også ha verknad for næringsverksemd (slakteri) som er etablert med basis i lokal produksjon. Hordaland fylkeskommune ber om at dette også vert vurdert i samband med krav om redusert MTB slik at lokale oppdrettsverksemdar som oppfyller kravet om kort transport av levande fisk vert skjerma når eventuell reduksjon av MTB skal vurderast.

Fleire av instansane sine uttalar omhandla fastsetjinga av taket på biomasse. På bakgrunn av dette, foreslår departementet at taket på biomasse skal fastsetjast på ein annan måte enn det opphavlege forslaget.

Løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure er avgrensa på to nivå:

- Selskapsnivå, dvs. kor mykje biomasse selskapet har lov til å ha i sjøen til ei kvar tid.
- Lokalitetsnivå, dvs. kor mykje biomasse selskapet kan ha på den enkelte lokalitet til ei kvar tid.

Etablering og utviding av lokalitetar i Hardangerfjorden

Det går fram av § 5 i forslaget at det ikkje er tillate å gje løyve til etablering eller utviding av lokalitetar i Hardangerfjorden. Vidare vil det ikkje vere tillate å gje melding om samlokalisering av løyve til havbruk inn til verkeområdet. Dette inneber få endringar av dagens tilstand og følgjer i hovudsak av instruksjonen Fiskeri- og kystdepartementet gav Fiskeridirektoratet og Mattilsynet i 2008. Formålet med føresegna er å stanse vidare oppbygging av produksjonskapasitet innanfor verkeområdet til forskrifta. Det vil, saman med forslaget i § 6 om reduksjon av taket på biomasse i Hardangerfjorden, dei nye reglane for kontroll av lus i akvakulturanlegg, Mattilsynet si soneforskrift for Hordaland samordna avlusingskampanjar og dei nye reglane knytt til rømmingssikring, i sum hjelpe til at presset på ville bestandar av laksefisk kan minke.

Tak på biomasse for laks, aure og regnbogeaure i Hardangerfjorden

Instruksen Fiskeri- og kystdepartementet ga Fiskeridirektoratet og Mattilsynet i 2008 forbyr etablering eller utviding av lokaliteter i Hardangerfjorden. Likevel kan produksjonen auke innanfor dei lovlege rammene som finst i dag. Fiskeri- og kystdepartementet meiner ein slik auke i produksjonen vil vere uheldig og ikkje i samsvar med dei omsyna "frysvedtaket" skal vareta. Tal frå Fiskeridirektoratet viser at det ikkje på noko tidspunkt i 2008 stod meir enn 48 357 tonn fisk i Hardangerfjorden. I 2010 var talet omlag 52 800 tonn, men meir når Langenuen vert medrekna. I forslag til forskrift § 6 foreslår departementet at summen av løyve på selskapsnivå i Hardangerfjorden frå 1. oktober 2013 ikkje skal overstige 50 000 tonn MTB, noko som vil innebere ein reduksjon på ca 20 000 tonn MTB i forhold til totalt tildelt produksjonskapasitet i fjordsystemet. Taket på 50 000 tonn var gjenstand for høyring hausten 2009, og er ikkje ein del av denne høyringa.

Reduksjonen i tillaten biomasse kan skje på ulike måtar, men departementet foreslår no at fordelinga av biomasse skjer etter følgjande prinsipp: Kvar verksemd får skjerma tre løyve, som kan utnyttast 100 %. Løyve utover dette kan utnyttast 25 %. Departementet vil leggje til grunn selskapsstrukturen slik den var 15. februar 2011, for at selskapa ikkje skal nulle ut effekten av forskrifta gjennom eksempelvis fisjonering. Til saman gir dette eit regionalt tak på biomassen på ca 50 000 tonn MTB. Skjerminga av løyve vil bidra til å ivareta mindre aktørar med liten fleksibilitet i drifta, samtidig som alle vert handsama likt.

Fiskeri- og kystdepartementet vil likevel vurdere eit eventuelt forslag frå næringa på korleis biomasse taket på 50 000 tonn skal fordelast mellom oppdrettarane, dersom dette blir lagt frem innan rimeleg tid. Dersom departementet finn forslaget akseptabelt vil det bli arrangert eit høyringsmøte slik at dei som har ei oppfatning om temaet skal få uttale seg.

Andre høve

I høyringa i 2009 var departementet open i høve til om Langenuen skulle omfattas av forskrifta. Dei faglege råda departementet fekk i høyringa, tilseier at Langenuen til Selbjørnsfjorden er omfatta av forskrifta. Dette gjer at talet på lokaliteter som omfattast av forskrifta aukar med 6, men ut i frå ei totalvurdering har departementet ikkje auka biomasse taket av den grunn.

Erstatning

Reduksjon av MTB kan medføre at nokre verksemder blir nøydde til å flytte eller redusere heile eller delar av verksemda si. Kostnadene må anten dekkjast av staten eller av oppdrettarane. Staten vil ikkje ha erstatningsansvar i ein slik situasjon fordi råderettsinnskrenkingar ikkje er erstatningsbetingande. Departementet finn det ikkje rett at det offentlige skal dekke kostnader med tiltak direkte knytt til oppdrettsnæringa for å sikre naturmangfaldet. Den næringsdrivande må i utgangspunktet sjølv ta risiko for endra rammevilkår og staten vil ikkje erstatte utgifter som følgje av vedtak om reduksjon av MTB på selskapsnivå.

Naturmangfaldlova

Som grunnlag for høyringsforslaget viser departementet til at det ligg føre eit omfattande forskingsmateriale frå instansar som HI og NINA når det gjeld bestandssituasjonen til ville laksebestandar og sjøauren. Når det gjeld lusesituasjonen i Hardangerfjorden viser departementet til HI sin luserapport for området samt Mattilsynets vurderingar, blant anna i samband med fastsetjinga av soneforskrifta for førebygging og nedkjemping av lus i området. HI har også nyleg utgitt ein risikorapport om oppdrettsnæringa og departementet slår fast at det er fagleg semje i forskingsmiljøa og forvaltninga om at lakselus og rømd oppdrettsfisk er dei viktigaste årsakene til problema for vill laks og sjøaure i dette området. Forslaget må sjåast i samband med andre tiltak for redusere belastninga frå havbruk på ville bestandar av laksefisk, der nokon av dei er nemnt ovanfor.

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår at forskrifta trer i kraft 1. januar 2013, slik at næringa kan tilpasse verksemda si. Kva tid forskrifta skal opphevast er avhengig av tilstanden til miljøet i Hardangerfjorden. Styresmaktene vil arbeide vidare med å finne eigna indikatorar og effektmål som kan gje grunnlag for å vurdere når miljøforholda i Hardangerfjorden igjen kan forsvare auka oppdrettsverksemd.

2. Vurdering av konsekvensar

For næringa

Hordaland fylkeskommune skal som regional utviklingsaktør legge til rette for verdiskaping, busetting og sysselsetting i heile fylket innan for ramma av ei berekraftig utvikling. Å sørge for at næringa har gode rammevilkår er ei viktig regionalpolitisk oppgåve. Fylkeskommunen fekk i samband med forvaltningsreforma ansvar for konsesjonar og klarering av lokalitetar etter akvakulturlova. Nærheit til næringsaktørane og kunnskap om lokale tilhøve var av argumenta for overføring av denne oppgåva til det regionalpolitiske nivået. Samstundes har fylkeskommunen i oppgåve å leggje til rette for næringsutvikling basert på føremonene i regionen, men også ta ansvar for at miljø og biologisk mangfald vert ivareteke i eit langsiktig perspektiv.

Marin sektor og havbruk er ei viktig næring for Hordaland og Vestlandet. Det er kome fram at næringa har utfordringar i høve til påverknader på miljø og at det er særleg ville lakse- og aurestammer som vert negativt påverka ved rømming og smitte av lakselus. Dette trass i fleire tiltak for å betre tilhøva. I Hordaland er det i Hardangerfjorden desse problema har fått mest negative verknader. På bakgrunn av dei aktuelle utfordringane er det innført 3 nye forskrifter. Desse er utarbeida i lag med næringa og det vert arbeidd hardt for å tilpasse produksjonen i tråd med forskriftene. Den nye forskrifta som er på høyring er eit styrka tiltak som skal redusere verknadane på ville bestandar av laks og aure.

Konsekvensane av den nye forskrifta vil føre til ein reduksjon av produksjonen i området og ikkje berre halde produksjonen på 2008- nivået. Samstundes er det geografiske området utvida til også å omfatte Langenuen utan at tillat produksjonsmengde vert justert i høve til denne utvidinga. Det samla biomasse taket vert 50 000 tonn MTB, men metoden for berekna samla biomasse er endra frå summen av lokalitetsbiomasse i området til summen av biomasse i løyve tildelt i området. Fylkesrådmannen ser at departementet har skjerna små aktørar i metoden for reduksjon av biomasse, men meiner likevel at konsekvensane ved å sette eit særskild biomasse tak på selskapsnivå ikkje i tilstrekkeleg grad er gjort greie for. Før endeleg fastsetjing av forskrifta bør ein vurdere konsekvensane på selskapsnivå og sørge for at ikkje noko verksemdar kjem særskilt urimeleg ut.

Fylkesrådmannen er einig i at Langenuen til Selbjørnsfjorden vert omfatta av forskrifta med bakgrunn i dei faglege råda, men at ein med denne bakgrunnen vurderer å justere opp det samla biomasse taket. Innlemming av Langenuen vil ha verknad for to verksemdar som tidlegare ikkje har vore ein del av frys-regimet i Hardangerfjorden.

Konsekvensane for bedriftene og for verdiskapinga i Hordaland er ikkje godt nok belyst i forslag til forskrift og fylkeskommunen tilrår at oppdrettarane vert invitert til drøfting om fordelinga av biomasse eventuelt at konsekvensane vert analysert i ei konsekvensutgreiing før forskrifta vert iverksett.

Reduksjon i produksjon og dårlege eller ingen høve til vekst i denne næringa i området som er omfatta av forskrifta, vil kunne få konsekvensar som bortfall av arbeidsplassar og dårlegare høve til utvikling av lokale arbeidsplassar basert på lokalprodusert laks. Eg vil her framheve at Hardangerområdet er av dei områda i fylke som er mest ramma av fråflytting mellom anna pga av manglande arbeidsplassar. Eg meiner at konsekvensane for kystkommunane i høve til arbeidsplassar på kort sikt og i høve til næringsutvikling med grunnlag i havbruksnæringa på lengre sikt, ikkje er tilstrekkeleg belyst. Verknader for lokalsamfunna må verte belyst i ein konsekvensutgreiing for forskrifta vert iverksett.

For forvaltninga

Hordaland fylkeskommune har frå 01.01.2010 hatt oppgåvene med å klarere lokalitetar innafor verkeområdet til forskrifta. Dette arbeidet er gjort i medhald av akvakulturlova, laksetildelingsforskrifta, forskrift om særskilde tiltak i enkelte områder for akvakulturelatert verksemd, samt at ein har lagt til grunn instruks frå Fiskeri- og kystdepartementet om å sette i verk

særskilde tiltak i Hardangerfjorden. Ved handsaming av søknader har sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova vorte følgt i vurderinga av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg. I tillegg har særleg Mattilsynet og Fylkesmannen vore delaktig i sakshandsaming innanfor sine ansvarsområde. Ved handheving av regelverket i Hardanger har ein teke utgangspunkt i hovudformålet med frys-regimet som er å hindre auka biomasse i det definerte området. I perioden frå innføring av frysvedtaket er det lagt til grunn at det ikkje skal klarerast lokalitetar i Hardangerfjorden for akvakulturløyve som ikkje allereie har lokalitetstilknytning i området. Utifrå talet og innretninga på innleverte søknader til fylkeskommunen kan det verke som om at næringa har tilpassa seg det gjeldande frys-regime, og det er i perioden frå 01.01.2010 motteke få søknader om auka produksjonskapasitet på lokalitetsnivå.

Hordaland fylkeskommune bør vera delaktig i gjennomføringa av forskrifta. Departementet skriv at framlegget vil vere enklare å forvalte enn det opphavlege framlegget. Dette er ikkje grunngeve nærare. Som forvaltar av regelverket for lokalitetsklareringar i Hardangerfjorden burde fylkeskommunen vore kontakta i forkant av høyringa, og det er sterkt ønskjeleg at fylkeskommunen vert teken med på råd i det vidare arbeidet.

I utkastet til forskrift er vedtakskompetansen etter §§ 5-7 og 9 lagt til fylkeskommunen. I høyringsbrevet til forskrifta står det : *"Denne forskrifta omhandlar i all hovudsak forvaltninga sitt tilsyn og kontroll med havbruksnæringa. Når det gjeld tilbaketrekking og endring av løyve på bakgrunn av miljøomsyn, heng dette så nært saman med tilsynsoppgåver, at oppgåvene med å redusere produksjonskapasiteten i Hardangerfjorden vil bli lagt til Fiskeridirektoratet ."* Fylkesrådmannen registrere at det ikkje er samsvar mellom høyringsbrevet og utkast til forskrift i høve til kven som skal ha vedtakskompetansen.

Oppgåvene med klarering av lokalitetar for oppdrett av laks og aure vart overført til fylkeskommunen frå 01.01.2010. Ei tilbakeføring av desse oppgåvene i Hardanger vil slik fylkeskommunen oppfattar dette vere i strid med intensjonane bak forvaltningsreforma, og ha konsekvensar både for fylkeskommunen og Fiskeridirektoratet Region Vest. Fylkeskommunen har i dag både fagkompetanse og personalressursar medan Fiskeridirektoratet Region Vest ikkje har utført desse oppgåvene dei siste 15 månadane, og har dermed svekka fagkompetanse på området.



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

VEDLEGG

Høringsinstansane

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr. 201102091/Dok.nr. 1	
18 FEB 2011	
Arkivnr. 313	Saksh.
Eksp.	
U.off.	

Dykkar ref

Vår ref
200601881- /CGR

Dato
16 FEB. 2011

Høringsbrev - Forslag til særskilte tiltak for akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden

1. INNLEIING

Fiskeri- og kystdepartementet vil fastsetje særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden. 18. august 2009 sendte departementet difor på høyring forslag til ny forskrift om Hardangerfjorden. Vedlagt (./.) er revidert utkast til forskrift.

Kort fortalt omhandlar høyringsbrevet følgjande:

- Det geografiske og saklege verkeområdet for forskrifta
- Reglar om tak på biomasse

Frist for merknader er sett til **31. mars 2011**. Fråsegnene skal sendast til Fiskeri- og kystdepartementet PB 8118 Dep, 0032 Oslo eller per e-post til postmottak@fkf.dep.no.

Liste over adressatane er vedlagt. Vi ber om at instansane sjølv legg høyringsbrevet fram for eventuelt interesserte underliggjande etatar og organ.

Høyringsbrevet med vedlegg er også gjort tilgjengeleg på internett www.regjeringen.no/fkf under saker på høyring.

2. BAKGRUNN

Ei generell omtale av forholda i Hardangerfjorden og det opphavlege forslaget er gitt i

Postadresse
Postboks 8118 Dep
0032 Oslo

Kontoradresse
Grubbegata 1
Org. nr.: 972 417 815

Telefon *
22 24 90 90
Nett:fkf.dep.no

Telefaks
22 24 95 85

Saksbehandlar
Christopher Grøvdal Rønbeck, 22 24
64 81
postmottak@fkf.dep.no

høyringsbrevet 18. august 2009.

Det kom inn 53 uttaler til høyringa. Fleire av instansane sine uttaler omhandla fastsetjinga av taket på biomasse. På bakgrunn av dette, foreslår departementet at taket på biomasse skal fastsetjast på ei anna måte enn det opphavlege forslaget.

3. NÆRARE OM FORSLAGET

3.1 Avgrensing av produksjonen

Løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure er avgrensa på to nivå:

- Selskapsnivå, dvs. kor mykje biomasse selskapet har lov til å ha i sjøen til ei kvar tid.
- Lokalitetsnivå, dvs. kor mykje biomasse selskapet kan ha på den enkelte lokalitet til ei kvar tid.

Etablering og utviding av lokalitetar i Hardangerfjorden

Det går fram av § 5 i forslaget at det ikkje er tillate å gi løyve til etablering eller utviding av lokalitetar i Hardangerfjorden. Vidare vil det ikkje vere tillate å gi melding om samlokalisering av løyve til havbruk inn til verkeområdet. Dette inneber få endringar av dagens tilstand og følgjer i hovudsak av instruksen Fiskeri- og kystdepartementet ga Fiskeridirektoratet og Mattilsynet i 2008. Formålet med føresegna er å stanse vidare oppbygging av produksjonskapasitet innanfor verkeområdet til forskrifta. Det vil, saman med forslaget i § 6 om reduksjon av taket på biomasse i Hardangerfjorden, dei nye reglane for kontroll av lus i akvakulturanlegg, Mattilsynet si soneforskrift for Hordaland samordna avlusingskampanjar og dei nye reglane knytt til rømmingssikring, i sum hjelpe til at presset på ville bestandar av laksefisk kan minke.

Tak på biomasse for laks, aure og regnbogeaure i Hardangerfjorden

Instruksen Fiskeri- og kystdepartementet ga Fiskeridirektoratet og Mattilsynet i 2008 forbyr etablering eller utviding av lokalitetar i Hardangerfjorden. Likevel kan produksjonen auke innanfor dei lovlege rammene som finst i dag. Fiskeri- og kystdepartementet meiner ein slik auke i produksjonen vil vere uheldig og ikkje i samsvar med dei omsyna "frysvedtaket" skal vareta. Tal frå Fiskeridirektoratet viser at det ikkje på noko tidspunkt i 2008 stod meir 48 357 tonn fisk i Hardangerfjorden. I 2010 var talet omlag 52 800 tonn, men meir når Langenuen blir inkludert. I forslag til forskrift § 6 foreslår departementet at summen av løyve på selskapsnivå i Hardangerfjorden frå 1. oktober 2013 ikkje skal overstige 50 000 tonn MTB, noko som vil innebere ein reduksjon på ca 20 000 tonn MTB i forhold til total tildelt produksjonskapasitet i fjordsystemet. Taket på 50 000 tonn var gjenstand for høyring hausten 2009, og er ikkje ein del av denne høyringa. Fylkeskommunen kan i særlege tilfelle gi dispensasjon frå taket på biomasse, jf. utkastet til §§ 5 og 9.

Denne reduksjonen i tillaten biomasse kan skje på ulike måtar, men departementet foreslår no at fordelinga av biomasse skjer etter følgjande prinsipp: Kvar verksemd får skjerna tre løyve, som kan utnyttast 100 %. Løyve utover dette kan utnyttast 25 %. Departementet vil leggje til grunn selskapsstrukturen slik den var 15. februar 2011, for at selskapa ikkje skal nulle ut effekten av forskrifta gjennom eksempelvis fisjonering. Til saman gir dette eit regionalt tak på biomassen på ca 50 000 tonn MTB. Skjerminga av løyve vil bidra til å ivareta mindre aktørar med liten fleksibilitet i drifta, samtidig som alle behandlast likt. Forslaget vil også være klart enklare å forvalte enn det opphavlege forslaget.

Fiskeri- og kystdepartementet vil likevel vurdere eit eventuelt forslag frå næringa på korleis biomassetaket på 50 000 tonn skal fordelast mellom oppdrettarane, dersom dette blir lagt frem innan rimeleg tid. Dersom departementet finner forslaget akseptabelt vil det bli arrangert eit høyringsmøte slik at dei som har ei oppfatning om temaet skal få uttale seg.

Andre høve

I høyringa i 2009 var departementet open i høve til om Langenuen skulle omfattas av forskrifta. De faglege råda departementet fekk i høyringa, tilseier at Langenuen til Selbjørnsfjorden er omfatta av forskrifta. Dette gjer at talet på lokalitetar som omfattast av forskrifta aukar med 6, men ut i frå ei totalvurdering har departementet ikkje auka biomassetaket av den grunn.

Erstatning

Reduksjon av MTB kan medføre at nokre verksemder blir nøydde til å flytte eller redusere heile eller delar av verksemda si. Kostnadene må anten dekkjast av staten eller av oppdrettarane. Staten vil ikkje ha erstatningsansvar i ein slik situasjon fordi råderettsinnskrenkingar ikkje er erstatningsbetingande. Departementet finn det ikkje rett at det offentlige skal dekke kostnader med tiltak direkte knytt til oppdrettsnæringa for å sikre naturmangfaldet, jf. naturmangfaldslova § 11. Den næringsdrivande må i utgangspunktet sjølv ta risiko for endra rammevilkår og staten vil ikkje erstatte utgifter som følgje av vedtak om reduksjon av MTB på selskapsnivå. Departementet presiserer at MTB som ikkje kan nyttast i Hardangerfjorden, kan nyttast på klarerte lokalitetar i region Vest som ikkje er omfatta av verkeområdet til forskrifta. Dersom verksemder får behov for å søkje om nye eller utvida lokalitetar utanfor Hardangerfjorden, må søkjar som vanlig betale gebyr etter forskrift 21. desember 2001 nr. 1597 om gebyr og avgift i forbindelse med akvakultur.

Naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lova §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig styresmakt. Vurdering etter prinsippa skal gå fram av avgjerda.

Som grunnlag for høyringsforslaget viser vi til det ligg føre eit omfattande forskingsmateriale frå instansar som HI og NINA når det gjeld bestandssituasjonen til ville laksebestandar og sjøauren. Når det gjeld lusesituasjonen i Hardangerfjorden viser vi til HI sin luserapport for området samt Mattilsynets vurderingar, blant anna i samband med fastsetjinga av soneforskrifta for førebygging og nedkjemping av lus i området. HI har også nyleg utgitt ein risikorapport om oppdrettsnæringa og det er fagleg semje i forskingsmiljøa og forvaltninga om at lakselus og rømd oppdrettsfisk er dei viktigaste årsakene til problema for vill laks og sjøaure i dette området. Alt i alt legg Fiskeri- og kystdepartementet til grunn at kunnskapsgrunnlaget ut frå sakas karakter og risiko for effekt på naturmangfaldet er i samsvar med dei krava som følgjer av naturmangfaldlova § 8. Det er etter dette ikkje naudsynt å vurdere "føre-var-prinsippet", jf. naturmangfaldlova § 9.

Forslaget må sjåast i samband med andre tiltak for redusere belastninga frå havbruk på ville bestandar av laksefisk, der nokon av dei er nemnt ovanfor, jf. også naturmangfaldlova § 10, der det kjem frem at det er den samla effekten av tiltak på økosystemet som må vurderast. Når det gjeld § 11 syner vi til omtala under punktet "erstatning" ovanfor.

3.2 Ikrafttreding og oppheving av forskrifta

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår at forskrifta trer i kraft 1. januar 2013, slik at næringa kan tilpasse verksemda si.

Kva tid forskrifta skal opphevast er avhengig av tilstanden til miljøet i Hardangerfjorden. Styresmaktene vil arbeide vidare med å finne eigna indikatorar og effektmål som kan gi grunnlag for å vurdere når miljøforholda i Hardangerfjorden igjen kan forsvare auka oppdrettsverksemd. I den samanhengen blir det vist til regjeringa sin "Strategi for en miljømessig bærekraftig havbruksnæring", som blei lagt fram 1. april 2009.

4. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSNAR

For forvaltninga

Auka fokus på kontrollar i dette området må føre til hyppigare kontrollar innanfor enn utanfor Hardangerfjorden. I tillegg til fleire kontrollar vil innføring av eit særskild biomassetak i Hardangerfjorden føre til auka saksbehandlingsbyrde hos Fiskeridirektoratet og Mattilsynet. Auka tilsyn med lusenivå vil gi større arbeidsmengd for Mattilsynet. Vidare må det utviklast system og verktøy for kontroll og oversikt over produksjon og løyve i eit avgrensa område. Både Mattilsynet og Fiskeridirektoratet må prioritere dei nødvendige ressursane innanfor tildelt ramme.

Frå 1. januar 2010 vil oppgåva med å tildele havbruksløyve bli lagt til fylkeskommunen. Denne forskrifta omhandlar i all hovudsak forvaltninga sitt tilsyn og kontroll med

havbruksnæringa. Når det gjeld tilbaketrekking og endring av løyve på bakgrunn av miljøomsyn, heng dette så nært saman med tilsynsoppgåver, at oppgåva med å redusere produksjonskapasiteten i Hardangerfjorden vil bli lagt til Fiskeridirektoratet.


For næringa


Tiltaka i forskrifta vil på kort sikt kunne medføre auka utgifter og byrder for oppdrettarane. Departementet meiner at oppdrettsnæringa totalt sett og over tid, likevel vil tene på dei føreslegne tiltaka. Tiltaka vil føre til betre sjukdomsstatus og betre felles handtering av drifta innan dei smittehygieniske fellesområda.

For miljøet

Det berande omsynet bak forslaget er eit ønskje om å redusere presset på de ville laksebestandane og sjøaure, m.a. for å unngå tap av biologisk mangfald, jf. eks. akvakulturlova §§ 1 og 10 og naturmangfaldlova §§ 1 og 5. Forskrifta vil saman med anna regelverk knytt til kontroll og nedkjemping av lakselus og førebygging av rømming bidra til å sikre ei berekraftig utvikling av oppdrettsnæringa, jf. akvakulturlova §§ 1 og 10.

Med helsing


Magnor Nerheim
ekspedisjonssjef


Yngve Torgersen
avdelingsdirektør

Høyringsinstansar

Finansdepartementet
Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet
Justis- og politidepartementet
Kommunal- og regionaldepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Miljøverndepartementet
Nærings- og handelsdepartementet
Sametinget

Direktoratet for naturforvaltning
Fiskeridirektoratet
Klima- og forurensningsdirektoratet
Kystverket
Mattilsynet
Norges Vassdrags- og energidirektorat

Fylkeskommuner og fylkesmenn i:
Sogn og Fjordane
Hordaland
Rogaland

Eidfjord kommune
Granvin kommune
Jondal kommune
Kvam kommune
Odda kommune
Ullensvang kommune
Ulvik kommune
Kvinnherad kommune
Etne kommune
Vindafjord kommune
Sveio kommune
Bømlo kommune
Stord kommune
Tysnes kommune

Havforskningsinstituttet
Veterinærinstituttet

Finansnæringens fellesorganisasjon
Fiskeri- og havbruksnæringens Landsforening
Handels- og servicenæringens hovedorganisasjon
Kommunenes sentralforbund
LO v/Fellesforbundet
NHO
Norge Sjømatbedrifters Landsforening
Norges Fiskarlag
Norges Kystfiskarlag
Norsk Industri
Norske Lakseelver

Den norske veterinærforening
Tekna Fiskehelseforeningen
Innovasjon Norge
Rømmingskommisjonen for akvakultur

Bellona
Greenpeace
Natur og ungdom
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Norges Miljøvernforbund
Norges Naturvernforbund
WWF Norge

Utkast til forskrift om særskilte krav til akvakulturelatert verksemd i Hardangerfjorden

Fastsett av Fiskeri- og kystdepartementet med heimel i lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur § 1, § 6, § 9 og § 10 og lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet m.v. § 7 og § 19, jf. delegeringsvedtak 19. desember 2003 nr. 1790.

§ 1. Formål

Formålet med forskrifta er å bidra til å sikre ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa i Hardangerfjorden, medrekna forhold knytt til fiskehelse, omsynet til ville bestandar av laksefisk og det langsiktige grunnlaget for utvikling i akvakulturnæringa.

§ 2. Sakleg verkeområde

Forskrifta omfattar akvakultur med laks, aure og regnbogeure i sjø.

§ 3. Geografisk verkeområde

Forskrifta gjeld innanfor området som er gjort greie for i vedlegg I, heretter kalla Hardangerfjorden.

§ 4. Definisjonar

Denne forskrifta meiner med:

Akvakulturløyve: Løyve gitt med heimel i akvakulturloven, som ved registrering i akvakulturregisteret gir rett til ein fastsett type produksjon av ein bestemt art, i eit bestemt omfang på ein eller fleire bestemte lokalitetar.

Akvakulturanlegg: Einkvar lokalitet, fysisk avgrensa område eller installasjon som blir driven av eit akvakulturføretak der akvakulturdyr blir oppdretta, med unntak av dei lokalitetar, område eller installasjonar der ville akvatiske dyr er hausta eller fanga med tanke på konsum, og blir haldne mellombels utan å bli føra i påvente av å bli slakta. Med akvakulturføretak meiner forskrifta eitkvart privat eller offentleg føretak, ideelt eller ikkje, som driv kva som helst slags verksemd i samband med oppdrett, hald eller dyrking av akvakulturdyr.

Samlokalisering: Driftsform der ein eller fleire innehavarar av akvakulturløyve har akvakulturdyr på same lokalitet.

§ 5. Forbod mot tildeling av løyve eller lokalitet og melding om samlokalisering

Det skal ikkje tildelast nye akvakulturløyve eller utvidast eller klarerast lokalitetar i sjø for produksjon av matfisk og stamfisk.

Det kan ikkje giast melding om samlokalisering for løyve til akvakultur inn til Hardangerfjorden.

Innanfor summen av lokalitetsbiomasse i løyve tildelte i Hardangerfjorden, kan det etter søknad giast løyve til utviding eller klarering av akvakulturlokalitetar eller samlokalisering til eksisterande verksemders dersom dette er nødvendig eller klart fordelaktig med omsyn til fiskehelse og miljø. Dette gjeld likevel ikkje for kommunane Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Odda.

Det kan sendast melding om samlokalisering til lokalitetar utanfor Hardangerfjorden.

§ 6. Regional MTB for løyve til laksefisk i Hardangerfjorden

Summen av maksimalt tillate biomasse (MTB) i alle løyve til akvakultur av med laks, aure og regnbogaure som er gitt i Hardangerfjorden skal frå 1. oktober 2013 ikkje overstige 50 000 tonn MTB.

Dersom summen av maksimalt tillate biomasse(MTB) i alle løyve til akvakultur av laks, aure og regnbogaure som er gitt i Hardangerfjorden den 1. januar 2013 overstig 50 000 tonn MTB, vil reduksjon i MTB skje slik at løyva nemnt i vedlegg 2 berre kan nyttast med 25%. Løyve nemnt i vedlegg 3 kan nyttast fullt ut.

§ 7. Biomassetak i Hardangerfjorden

Summen av biomasse i løyve tildelt for same art og type og tilhøyrande same innehavar innanfor Hardangerfjorden utgjer eit eige biomassetak innanfor Fiskeridirektoratet region Vest. Innehavarar av akvakulturløyve innan same konsern, jf. regnskapsloven § 1-3, kan etter søknad til fylkeskommunen få løyve til eit felles biomassetak for Hardangerfjorden.

§ 8. Tilsyn og vedtak

Fylkeskommunen gjer vedtak for å gjennomføre føresegnene gitt i forskrifta §§5, 6 og 7.

Fiskeridirektoratet fører tilsyn med føresegnene gitt i forskrifta.

§ 9. Dispensasjon

Fylkeskommunen kan i særlege høve dispensere frå føresegnene gitt i forskrifta.

§ 12. Straff og andre reaksjonar ved brot på forskrifta

Brot på forskrifta eller vedtak gjort i medhald av forskrifta, kan føre til straff og andre reaksjonar etter lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet m.v., og lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur.

§ 13. Ikrafttreding mv.

Denne forskrifta trer i kraft xx

VEDLEGG 1. HARDANGERFJORDEN AVGRENSING:

- i vest ved utløpet av Bømlafjorden; avgrensa av ei rett linje frå nes nord for Ryvarden fyr (N: 59-31.6751, Ø: 5-13.4815) til Bømlahuk på Bømlo (N: 59-34.4702, Ø: 5-11.0373)

- i nord av Stokksundet mot Selbjørnsfjorden, avgrensa av følgjande linjer mellom Bømlo og Stord:

- 1) Frå nes nord på Rolvsnes (Bømlo) ved Skinesholmen (N: 59-52.5991, Ø: 5-9.3868) til nes sør på Risøya (N: 59-52.7244, Ø: 5-9.4452).
- 2) Frå nes nord på Parakhine ved Risøya (N: 59-52.8216, Ø: 5-8.1797) til Midtparte-tangane på Vikøya (N: 59-52.7216, Ø: 5-7.8535).
- 3) Frå Lusapollen på Vikøya (N: 59-53.2779, Ø: 5-5.8889) til nes på Gissøya sør av Brandasund (N: 59-53.3612, Ø: 5-5.4773).
- 4) Frå Gisøya ved Brandasund; (N: 59-53.8664, Ø: 5-5.4738) til Selsøy (N: 59-53.9064, Ø: 5-5.5698.)
- 5) Frå nes nord på Selsøy (N: 59-54.4033, Ø: 5-6.6199) via sørspissen av Moltholmen til nes vest på Klammerøy (N: 59-54.5833, Ø: 5-7.0362).
- 6) Frå austsida av Klammerøy (N: 59-54.6105, Ø: 5-7.6662) til sørspissen av Hanøya (N: 59-54.6479, Ø: 5-7.7247)
- 7) Frå aust siden av Hanøya (N: 59-54.8781, Ø: 5-8.0117) til nes vest på Eidøya (N: 59-54.8806, Ø: 5-8.4916)
- 8) Frå nes aust på Eidøya nord for Trollosen (N: 59-55.0205, Ø: 5-9.2874) til nes vest på Eggøya (N: 59-55.1886, Ø: 5-9.6561)
- 9) Frå nes aust på Eggøya, nord for Eggøya lykt (N: 59-55.5039, Ø: 5-10.2972) over Nyleia til nes vest på Stora Siglo (N: 59-55.9043; Ø: 5-11.3260)
- 10) Frå nes aust av Stora Siglo (N: 59-56.1781, Ø: 5-12.2014) over Bukkholmsundet til vestsida av Litleholmen (N: 59-56.2303, Ø: 5-12.5761)
- 11) Frå Sør-spissen av Litleholmen (N: 59-56.1898, Ø: 5-12.7304) til nordspissen av Flatøy (N: 59-56.1862, Ø: 5-12.8506)
- 12) Frå austsida av Flatøy (N: 59-56.0695, Ø: 5-13.0445) til sørspissen av Håboholmen (N: 59-56.0690, Ø: 5-13.4752)
- 13) Frå nest aust på Håboholmen (N: 59-56.1039, Ø: 5-13.4783) til sørspissen av Porsholmen (N: 59-56.1353, Ø: 5-13.7438)
- 14) Frå austsida av Porsholmen (N: 59-56.1871, Ø: 5-13.9072) til nordspissen av Dyrholmen (N: 59-56.1665, Ø: 14.0324)
- 15) Frå Nordaust spissen av Dyrholmen (N: 59-56.1555, Ø: 5-14.0631) til nes nordvest på Teløy (N: 59-56.1953, Ø: 5-14.7509)
- 16) Frå nes nordaust på Teløy (N: 59-56.3309, Ø: 5-15.0406) via Lamholmen over Teløysundet til Landtunge vest på Fonno (59-56.4061, Ø: 5-15.2990)
- 17) Frå nes nord for Matløyso på Nord Fonno (N: 59-57.3800, Ø: 5-16.2877) til Skumsneset nordvest på Stord (N: 59-57.5812, Ø: 5-17.1635)

- i Langenuen, avgrensa av ei linje mellom Stokksneset på Stord (N: 59-58.9158, Ø: 5-19.1328) og Sørboneset på Tysnes (N: 59-59.2416, Ø: 5-22.4622)

- i Laukhammarsund, avgrensa av ei linje mellom Huglaneset på Huglo (N: 59-2.0355, Ø: 5-33.4345) og Storeneset på Tysnesøy (N: 59-53.2565, Ø: 5-32.9531)

- i Lukksund sør; avgrensa av linjer frå Ølfernes på Tysnesøy (N: 59-59.9563, Ø: 5-42.2172) til vestsiden av Sandsøy (N: 60-0.0053, Ø: 5-42.4926), og frå Austsiden av Sandsøy (N: 60-0.1059, Ø: 5-42.8581) via Hamarhaugflu lykt til nes sør ved Gjerdsheim på Fusa (N: 60-0.1041, Ø: 5-43.6943).

- nord av Etnefjorden-Ølsfjorden; avgrensa av ei linje satt for nasjonal laksefjord mellom Rossaneset (N: 59-40.1000, Ø: 5-40.9360) og Notaneset (N: 59-41.3020, Ø: 5-47.5860).

**VEDLEGG 1. LØYVE SOM BERRE KAN UTNYTTAST 25%
INNAFOR HARDANGERFJORDEN:**

**VEDLEGG 2. LØYVE SOM KAN UTNYTTAST FULLT UT
INNAFOR HARDANGERFJORDEN:**